

## IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

Sykkylven, 23.01.2026

Kjære, konfirmantar og føresette

Her er informasjon om konfirmantopplegget vidare. Undervisning, aktivitetar, fasteaksjon og fotografering m.m.

### Undervisning i kyrkja

B og C - klassa:

- Torsdag 29. januar, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven (førebuing til gudstenesta 1. februar).
- Søndag 1. februar, kl. 9.15-12.30, Ikornnes kyrkje, undervisningsgudsteneste.
- Tysdag 3. mars, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven.
- Torsdag 23. april, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven.

A og D - klassa:

- Torsdag 26. februar, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven (førebuing til gudstenesta 1. mars).
- Søndag 1. mars, kl. 9.15-12.30, Sykkylven kyrkje, undervisningsgudsteneste.
- Torsdag 5. mars, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven.
- Tysdag 21. april, kl. 14.30-16.30, kyrkjekjellaren Sykkylven.

Felles samlingar:

- Tysdag 24. mars kl. 17.30- 20.00, bøssebærerar i Fasteaksjonen
- Torsdag 16. april, kl. 14.30-17.00, kappeprøving, fotografering, øving til konfirmasjonsdagen og val av bøn.

I undervisningsgudstenesta er konfirmantane medliturgar og tildelt ulike oppgåve knytt til liturgien, t.d. utdeling av nattverd, hjelpe til ved dåp, lesing av tekstar, kyrkjetenar, kyrkjevertar m.m. Det blir øvd på dette torsdag i forkant. I tillegg blir det repetisjon om morgonen før gudstenesta.

Det vert ikkje undervisning i smågrupper i år då vi ikkje har lukkast å skaffe nok leiarar til desse gruppene.

Undervisninga er obligatorisk så vi ber om at dette vert prioritert. Fråvær vert registrert. Konfirmantane og foreldre/føresette får påminning på sms dagen før.

## Fasteaksjon – tysdag 24. mars

Kvart år plar konfirmantane å bidra i Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon. Aksjonen er i regi av sokneråda. Aksjonsforma er innsamling av midlar ved bøssebæring. Konfirmantane vil trenge skyss på rodene då det er fåtal roder som er i gangavstand frå kyrkja der bøssene vil verte utdelt. Eigen informasjon vil kome nærmare aksjonsdagen.

Nokre foreldre vert satt opp ein ettermiddag/kveld påførehand for å ordne bøsser, roder osv. slik alt er klart sjølve aksjonskvelden.

## Kappeprøving, øving til konfirmasjonsdagen og fotografering

Kappeprøving osv. vert gjennomført den 16. april frå kl. 14.30-17.00 Sykkylven kyrkje.

Konfirmantane vert delt i grupper etter val av konfirmasjonsdag. Gruppevis vil dei prøve kappe, øve på konfirmasjonsdagen og velje forbøn. Ca. kl. 16. vert det felles fotografering ved Fotograf Lyshol.

NB! Alle bør ha pene sko. Om ein vil ha bunadskjorte eller ikkje, er valfritt. Kappene har ståkragar så det er ikkje nødvendig. Unngå hettegensarar, desse må tas av når bilde vert tatt. Det vert tid mellom dei ulike stasjonane til å stelle seg. Konfirmantane får hjelp med å ordne seg dersom dei treng det.


Konfirmantane får med kappe heim og tek den med på konfirmasjonsdagen.  
Konfirmantane/føresette signerer på lån av kappe.

Drikke, enkel mat og snacks/frukt vert tilgjengeleg.

## Konfirmasjonsdagen

Konfirmasjonsdagen er det oppmøte seinast ein halv time før gudstenesta byrjar, dvs. kl. 10.30 eller kl. 12.45. Konfirmantane treng tid til å ta på kapper og ordne seg. Vi deler òg ut forbøn og skal stille opp til prosesjon. Oppmøte nede i kyrkjekjellaren i den aktuelle kyrkja.

Kapper leverer de inn i Kyrkjesal 1 (oppe) i Sykkylven kyrkje og nede i gangen på Ikorntnes. Det vil være nokon der som tek imot kappene. Husk å oppgi navn så vi får kryssa konfirmanten av på lista.



## IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

### Minner om:

- Oversikt over gudstenester finn de på heimesidene til kyrkja, det vert og annonsert i NYSS kvar veke. Tredje kvar gudsteneste er på Ikornnes.
- Gudstenesteark skal signerast av prest eller trusopplærar. Kom og finn oss!
- KRIK søndagar frå kl. 17-19, datoar ligg i kyrkja sin kalender på nett, eller på KRIK Sykkylven si Facebook side.
- Impuls ved Hundeidvik bedehus, onsdagar i partalsveker kl. 19.30-22.00, datoar ligg i kyrkja sin kalender på nett.
- Send sms til 93255873 (Kathrin) om du vil vere med å hjelpe til på aktivitetar.
- Vi har framleis gjengløynde kle og sko frå konfirmantleir liggande. Desse vi verte donert til Gi Glede i slutten av februar.

Oversikt over aktivitetar finn de på kyrkja sine nettsider

<https://www.sykkylven.kyrkja.no/Konfirmasjon>. Boksen «Kyrkjelydsarbeid - bli med!»

Eksempel på aktivitetar ein kan velje mellom:

- Aktivitetsklubb for born med tilretteleggingsbehov, fredagar kl. 17.30-20.00
- Barabbas-samling for 5-åringar – påskefortellinga, den 21. mars i Ikornnes kyrkje
- Lage dåpsposar med ulike gaver til dåpsbarna, etter avtale
- Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar
- Utdeling av kyrkjebok til 6-åringar
- Hjelpe til i gudsteneste, etter avtale

Ta kontakt om det er noko de lurar på? Kyrjekontoret telefon 70 24 69 00, gjerne i kontortida frå kl. 10-14, eller på e-post [post@sykkylven.kyrkja.no](mailto:post@sykkylven.kyrkja.no)

*Venleg helsing*

*Kathrin og Jonas*